

# Høyring av framlegg til ny vass- og avløpsforskrift

Hareid kommune legg med dette framlegg til ny vass- og avløpsforskrift ut på høyring. Frist for innsending av uttale er sett til 10. august 2026.

Høyringssvar kan sendast inn på skjema på kommunen si nettside eller per post.

Skjema for høyringssvar finn ein i linken: <https://www.hareid.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/kontaktoss/>

Postadresse: Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 Hareid

## 1 Bakgrunn

Ramma for kommunale vatn- og avløpsgebyr blir fastsett i kommunal forskrift. Frå 2012 er kommunen sitt høve til å krevje inn vass- og avløpsgebyr heimla i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, med oppdatering av loven gjeldande frå 2026. Forureiningsforskrifta frå 2004 fastset ramma for gebyra og hovudreglane om utrekning og innkrevjing. Bakgrunnen for utarbeiding av ny forskrift er at kommunen ønsker at forskrifta er betre tilpassa dagens regelverk og at fleire kommunar i regionen ynskja ei felles gebyrforskrift for eit betre samarbeid.

Vass- og avløpsgebyra i Hareid kommune bygger på sjølvkostprinsippet, det vil seie at kommunen sine kostnader med å tilverke tenestene skal dekkast inn gjennom dei gebyra som abonnentane betalar. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Over- eller underskot i det einskilde år skal høvesvis verte avsett eller trekt frå bundne driftsfond. Avsett overskot frå det einskilde år vert attendeført til abonnentane i form av lågare årsgebyr i løpet av ein femårsperiode. Tilsvarende vil underskot til framføring verte dekt inn over årsgebyret i løpet av ein femårsperiode. Vass- og avløpsgebyra skal ikkje finansiere andre delar av kommuneforvaltninga som ikkje yt ein teneste for abonnentane.

## 2 Oppsummering

I ny forskrift foreslår kommunen at tilknytingsgebyret vert satt slik at bustadabonnentar betalar ein fast sats per bueining, medan næringsabonnentar betalar ein fast sats per eigedom. Ein fast sats opplevast enklare og meir rettferdig for abonnentane, enn ein sats som for eksempel er avhengig av størrelse på inntaksleidninga. Det er også anbefalinga frå fleire hold at tilknytingsgebyret blir halde relativt lågt, fordi kostnadane til kommunen er hovudsakleg knytt til administrativ registreringa av ein ny abonnent. Ny vass- og avløpsforskrift foreslår å vidareføre eit todelt årsgebyr for både vatn og avløp, med ein fast og variabel del. For bustadar skal den faste delen betalast som eit gebyr per bueining, medan næringsseigedomar skal betale gebyr etter fastsette kategoriar basert på vassforsyningskapasitet. Kommunen må ta omsyn til at infrastrukturkostnader knytt til vatn og avløp er relativt høgare for storforbrukande abonnentar enn for ein bustadeigedom, og deler dei derfor inn i kategoriar som skal gje ei betre fordeling av kostnadane.

Den variable delen av gebyret vert som hovudregel satt etter målt forbruk, men for abonnentar som ikkje har vassmålar må kommunen rekne ut forbruket. For dei utan vassmålar blir det foreslått at forbruket reknast ut frå eigedomens bruksareal (BRA) etter NS-3940, i høve til eit høvetal mellom bruksareal og vassvolum. I forslag til ny forskrift er det foreslått at eigedomane plasserast i intervall for stipulert forbruk, kategoriane kjem fram av gebyrregulativet. Simuleringa under viser ei samanlikning av vatn- og avløpsgebyra i 2026 mellom forslag til ny forskrift og den forskrifta som gjeld i dag. Grøn bakgrunn i tabellen tydar at abonnenten vil betale mindre etter ny forskrift enn i dag, medan rød bakgrunn tydar at abonnenten vil betale meir. Denne fargekodinga er brukt gjennomgåande i notatet. I tabellen nedanfor er det tatt utgangspunkt i fire ulike abonnentar med målt og stipulert forbruk.

| Arsgebyr vatn inkl. mva.                              | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|-------------------------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet - Målt forbruk (1 bueining)      | 40             | 5 441     | 4 495        |
| Seksjonert leilighet - Stipulert forbruk (1 bueining) | 85             | 7 044     | 5 834        |
| Medium butikk                                         | 700            | 23 070    | 30 740       |
| Stor butikk                                           | 2 000          | 57 793    | 79 330       |

Tabell 1 - Simulerte vassgebyr ved ny og gammal forskrift

| Årsgebyr avløp inkl. mva.                             | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|-------------------------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet - Målt forbruk (1 bueining)      | 40             | 4 695     | 4 116        |
| Seksjonert leilighet - Stipulert forbruk (1 bueining) | 85             | 6 677     | 5 774        |
| Medium butikk                                         | 700            | 26 495    | 33 710       |
| Stor butikk                                           | 2 000          | 69 434    | 89 518       |

Tabell 2 - Simulerte avløpsgebyr ved ny og gammel forskrift

## 3 Framlegg til ny forskrift for vatn og avløp

Dette kapittelet skisserer hovudtrekka og spesielle forhold i framlegget til ny forskrift for vatn og avløp.

### 3.1 Tilknytingsgebyr

Ved tilknytning til kommunalt vatn- og/eller avløpsnett er det abonnenten som står for røyrleggjarkostnaden. Kommunen har soleis ikkje direkte kostnader knytt til tilknyttinga. Kommunen sine kostnader er hovudsakleg knytt til administrativ registreringa av ein ny abonnent.

I forslag til ny forskrift er tilknytingsgebyret ikkje knytt opp til bygningsstorleik, men som ein fast sats kravd ved hendingane beskrive i forskrifta § 2-1 bokstav a) til e). Ein fast sats vert anteke å opplevast som meir rettferdig for abonnentane enn ein sats som til dømes er avhengig av bygningsstorleik. For dei fleste tilknyttingane vil dette ikkje vere ei endring frå tidlegare, for nye eigedommar med fleire bueiningar vil det vere ei endring.

Tilknytingsgebyret er utforma slik at bustadeigedommar skal betale per bueining, mens næringseigedom skal betale tilknytingsgebyr per brukseining.

Det leggjast opp til særskilt tilknytingsgebyr ved til-/påbygg av eksisterande eigedom som føre til ei ny eining på eigedomen.

Samla inntekter frå tilknytingsgebyr avheng av nybyggings- og etableringsaktiviteten i kommunen og vil variere frå år til år. Dersom gebyrsatsen er høg vil mange tilknyttingar føre til at tilknytingsgebyrinntektene utgjør ein stor del av årets gebyrinntekter. Dette vil kunne påverke moglegheita til å halde årsgebyret stabilt, sidan årsgebyret må reduserast ved overskot på sjølvkostkalkylen. Eit lågt nivå på tilknytingsgebyret er i tråd med anbefalinga frå *Norsk Vann*.

I tilfelle der kommunen overtar private vass- og/eller avløpsanlegg kan kommunestyret i det enkelte tilfelle avgjere om det skal reknast særskilde gebyr for tilknytning.

Gebyrsatsen fastsetjast årleg av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet.

### 3.2 Todelt årsgebyr

Ny vass og avløpsforskrift føreslår eit todelt årsgebyr med ein fast del og ein variabel del (alternativ 2 i figur 1). Valet av ein todelt gebyrmodell er grunngjeve med at gebyra betre vil fange opp tenestene si kostnadssamansetting, og at det gjev høve til å differensiere den faste delen av årsgebyret.

Samla abonnementsgebyrinntekter skal fortrinnsvis dekke gebyrtenesta sine forventa kapitalkostnader (kalkulatoriske renter og avskrivningar). Desse kostnadane kan sjåast på som faste og forbruksuavhengige.

### 3.3 Abonnementsgebyr (Fastledd)

I den gjeldande forskrifta til Hareid kommune betalast abonnementsgebyr (fastledd) etter to kategoriar, enten næring eller bustad. I dagens forskrift verte burettslag handtera som næring.

I framlegget til ny forskrift er det føreslått at bustadeigedom og fritidsbustad skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining. Det grunngjevast med at bustadeigedomen og fritidsbustaden utnyttar infrastrukturen likt uavhengig av bruksareal. Det er og opna for at eigedom med hybel eller sokkelleilegheit ikkje betalar abonnementsgebyr for første bueining som er hybel eller sokkelleilegheit. Det vil gjer at slike eigedomar betalar eit fastledd, sjølv om det er registrert som to einingar i matrikkelen.

Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale fastgebyr etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet. For desse vil fastgebyret vektast slik at fastgebyret står i forhold til abonnentane sin del av kommunen sine infrastrukturkostnader knytt til vatn og avløp.

Næringsabonnentar i ny forskrift vil bli inndelt i opptil ni ulike kategoriar som gir frå ein til trehundre abonnementsgebyr.

| Næringskategorier | Antall fastledd | m <sup>3</sup> lav | m <sup>3</sup> høy | Abonnenter vann | Abonnenter avløp |
|-------------------|-----------------|--------------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Kategori 1        | 1               | 0                  | 300                | 75              | 76               |
| Kategori 2        | 3               | 300                | 1 000              | 91              | 111              |
| Kategori 3        | 6               | 1 000              | 3 000              | 22              | 27               |
| Kategori 4        | 12              | 3 000              | 6 000              | 7               | 5                |
| Kategori 5        | 24              | 6 000              | 20 000             | 1               | 0                |
| Kategori 6        | 50              | 20 000             | 50 000             | 0               | 0                |
| Kategori 7        | 100             | 50 000             | 150 000            | 0               | 0                |
| Kategori 8        | 150             | 150 000            | 500 000            | 0               | 0                |
| Kategori 9        | 300             | 500 000            | 1 000 000          | 0               | 0                |

Tabell 3 viser ein foreslått oversikt over fastledd (abonnementsgebyr) basert på vassforsyningskapasitet. Dette gjeld for nærings- og kombinasjonseigedomar. Ein kombinasjonseigedom er ein eigedom kor det både er næringsbygningar og bygningar for bustad. Intervalla som verte syna ber preg av at dette er ei forskrift som skal gjelde for fleire kommunar, kategoriane er difor større enn kva som trengs i Hareid kommune.

| Næringskategorier | Antall fastledd | m <sup>3</sup> lav | m <sup>3</sup> høy | Abonnenter vann | Abonnenter avløp |
|-------------------|-----------------|--------------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Kategori 1        | 1               | 0                  | 300                | 75              | 76               |
| Kategori 2        | 3               | 300                | 1 000              | 91              | 111              |
| Kategori 3        | 6               | 1 000              | 3 000              | 22              | 27               |
| Kategori 4        | 12              | 3 000              | 6 000              | 7               | 5                |
| Kategori 5        | 24              | 6 000              | 20 000             | 1               | 0                |
| Kategori 6        | 50              | 20 000             | 50 000             | 0               | 0                |
| Kategori 7        | 100             | 50 000             | 150 000            | 0               | 0                |
| Kategori 8        | 150             | 150 000            | 500 000            | 0               | 0                |
| Kategori 9        | 300             | 500 000            | 1 000 000          | 0               | 0                |

Tabell 3 - Oversikt over næringskategoriar og tal fastledd.

Den enkelte eigedom skal betale eit gitt tal abonnementsgebyr etter denne tabellen basert på eigedomen sitt høgste vassforbruk dei siste åra. Dette er ein god og tilgjengeleg approksimasjon på forsyningskapasiteten til den enkelte eigedom og difor også på kommunen sine infrastrukturkostnader per storforbrukande næringseigedom. Praksisen er i bruk i fleire kommunar.

Utan ei slik vekting ville kvar næringsabonnent berre betalt eit abonnementsgebyr uavhengig av eigedomen sin relative del av kommunen sin produksjons-/handteringskapasitet. Dette ville resultert i ein uheldig skeivdeling av kapitalkostnadene mellom bustad- og næringseigedomar. Tal fastledd følgjer ein avtakande funksjon gitt vassforbruk.

### 3.3.1 Endring av tilordna kategori for abonnementsgebyr

Det er ikkje lagt opp til at tilordna kategori for den enkelte eigedom skal kunne endrast på basis av ein reduksjon i vassforbruket. Det er fleire årsaker til dette:

- Fastleddet skal dekke kommunen sine kostnader knytt til den teoretiske leveringskapasiteten til kvar abonnent.
- Kommunen sin infrastruktur kan avskrivas lineært over 80 år slik at dei faste kostnadene er relativt stabile over tid og er upåverka av endringar i den enkelte abonnents varierende vassforbruk.
- Sidan kommunen sine kostnader innanfor vatn og avløp i sin heilskap skal dekkast av abonnentane medfører endringar av kategoritilhøyrse ein kostnadsforskyving frå ei gruppe abonnentar til ei anna.
- Dersom ein abonnent får høve til å «søke» om tilordning til ein anna kategori vil dette kunne få ein uheldig smitteeffekt samtidig som det kan føre til ein uønska «etterspørsel» etter politisk (sær-)behandling.

- Stadig endring av kategoritilhøyrsløse for eit stort tal næringsabonnentar kan påføre kommunen kostnader med å oppdatere fakturasystemet.

Arbeidsgruppa anbefaler sterkt å revidere kategoritilhøyrsløse ved jamne mellomrom, f.eks. kvart femte år. Vi tilrår at ein då ser på forbruksdata dei siste åra. Det høgste vassforbruket i perioden bør leggjast til grunn for kategoritilhøyrsløse.

Enkelte næringsseigedomar har ikkje vassmålør og betalar følgeleg abonnementsgebyr etter areal. Dersom slike eigedomar får vassmålør bør kommunen endre tilordna kategori etter to til tre år med målaravlesingar.

Samla inntekt frå abonnementsgebyr skal fortrinnsvis dekke kommunen sine kapitalkostnader, dvs. kostnader knytt til kommunen sin infrastruktur. Ein abonnent kan redusere årsgebyr for vatn og avløp ved å senke vassforbruket.

### 3.4 Variabelt gebyr

Regelverket gjev avgrensa moglegheiter til å differensiere det variable forbruksgebyret. Det anbefalast å operere med same gebyr per m<sup>3</sup> for alle abonnentsgrupper.

Gebyret vert fastsett etter anten målt eller stipulert forbruk for bustadeigedomar, og som hovudregel etter målt forbruk for andre eigedomar.

Ved stipulert forbruk føreslår ny forskrift at forbruket vert rekna ut frå eigedomens bruksareal (BRA) etter NS-3940, i høve til eit høvetal mellom bruksareal og vassvolum. Eigedomens plasserast i intervall for stipulert forbruk, basert på storleiken av det gebyrpliktige arealet. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet.

Gebyr for mellombels tilknytning er innarbeidd i føresegna om gebyr etter målt forbruk (variabel del av årsgebyret). Likevel kan kravet om vassmålør fråvikast dersom vassforbruket kan verte fastsett på andre måtar. I tilfelle der det ikkje er mogleg å installere vassmålør kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk.

### 3.5 Faktor for stipulert forbruk

Regelverket understrekar at det stipulerte forbruket i størst mogleg grad skal svare til reelt forbruk. I dagens gebyrregulativ stipulerast bustadar etter intervall, med omtrent dei same grensa som tabellen nedanfor. Intervallane fastsetjast i gebyrregulativet, men tabellen nedanfor visar eit utkast som administrasjonen arbeidar vidare med.

| Intervall nr. | Lav m2 | Høy m2 | m3    | m3 fritid |
|---------------|--------|--------|-------|-----------|
| 1             | 0      | 149    | 85    | 42,5      |
| 2             | 150    | 299    | 160   | 80        |
| 3             | 300    | 1 000  | 300   | 80        |
| 4             | 1 001  | 10 000 | 1 000 | 80        |

Tabell 4 - Forslag til intervall for stipulert forbruk

### 3.6 Særskilt om vassmålør mv.

Gjeldande forskrift tek utgangspunkt i at vassmålørar eigast av kommunen. I forslag til ny forskrift vidareførast dette. Abonnentane betalar i dag ein årleg leie for innkjøp og vedlikehald av vassmåløren.

Kommunen avgjer kor mange vassmålørar den einskilde eigedom skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmåløren. Vidare opnast det for at kommunen etter skjøn kan fastsette årsgebyret etter purring dersom abonnenten unnlèt å lese av vassmåløren. Kommunen kan sjølv sette i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten, og krevje særskild gebyr for dette (oppmøtegebyr for avlesing av vassmålør). Gebyret vert fastsett årleg i gebyrregulativet.

## 4 Gebyrsimulering

Den nye VA-forskrifta legg grunnlaget for eit nytt gebyrregulativ. Regulativet blir årleg vedtatt av kommunestyret og følgjande gebyrsimuleringar er berre eit døme på ei oppstilling. Simuleringa nedanfor viser ein samanlikning av VA-gebyra i 2026 ved ny og gjeldande VA-forskrift. Alle prisar inkluderer mva. 15%.

## 4.1 Endring av abonnementsgebyret (Fastledd)

Dette er truleg den faktoren som blir mest endra for abonnentane i Hareid kommune. Tidlegare har det vore to ulike fastledd, næring og bustad. Alle bustadeigedomar har betalt det same gebyret, og alle næringsabonnentar har betalt det same gebyret. I ny forskrift verte det endra.

Ved å ta i bruk «per bueining», vil kommunen likestille burettslag og seksjonerte leilegheiter. Kor det tidlegare verte forskjell om eit leilegheitsbygg verte seksjonert eller om ein organisera seg som burettslag, fordi burettslag har verte handtera som næring. I eit tenkt tilfelle kunne difor eit burettslag med 20 leilegheiter fått det same abonnementsgebyret som ein liten butikk. Det er og fleire eigedommar med meir enn ein bueining som no kjem til å betale fleire enn eit abonnementsgebyr, dette er til dømes rekkehus og andre eigedommar med meir enn to bueiningar.

Vidare verte det foreslått at abonnementsgebyret for næring blir satt som eit resultat av forsyningskapasitet. Kapasiteten verte rekna etter eit historisk forbruk, som nemnt i kapittel 3.3. Denne endringa vil gje fleire abonnementsgebyr til dei abonnentane som har høgare forbruk.

Vi får fleire fastledd til fakturering, som gjer at størrelsen på gebyret verte redusert. Det vil gjere at eigedommar som i dag betalar eit fastledd, og skal gjere det framover, truleg får eit redusert gebyr. Samtidig verte det truleg eit auka gebyr for eigedommar som i dag betalar eit fastledd, men framover må betale for kvar ei bueining på eigedomen.

For nærings eigedommar verte det same konklusjon. Eigedommar som i dag betalar eit fastledd og kjem til å gjere det framover, får truleg eit redusert abonnementsgebyr. Og eigedommar som aukar tal fastledd som skal verte betala, får truleg ei auke i abonnementsgebyret. Her vil ein del av kostnadane knytt til abonnementsgebyret bli flytta frå private aktørar over til næringsaktørane. Abonnementsgebyret for vatn vil isolert sett verte redusert med om lag ein tusenlapp per bueining, imens for avløp verte det redusert med om lag kr. 700 per bueining (sjå Tabell 5 og Tabell 6).

## 4.2 Abonnements- og forbruksgebyr ved ny forskrift

Tabellane nedanfor viser forbruks- og abonnementsgebyr for vatn og avløp for ny og gjeldande VA- forskrift. Det er lagt til grunn at abonnementsgebyret fortrinnsvis skal dekke kapitalkostnadane for vatn og avløp, avgrensa opp til 50% av total gebyrinntekt. Bustadeigedom, irekna fritidsbustader, skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining, medan nærings- og kombinasjonseigedomar skal betale abonnementsgebyr etter vekta kategoriar, som igjen er basert på vassforsyningskapasitet.

| Vann 2026 inkl. mva. | Eining            | Gjeldande | Ny forskrift |
|----------------------|-------------------|-----------|--------------|
| Fastgebyr            | kr/bueining       | 4 373     | 3 305        |
| Forbruksgebyr        | kr/m <sup>3</sup> | 26,71     | 29,75        |

Tabell 5 – Vatn - Forbruks- og abonnementsgebyr for ny og gjeldande VA-forskrift

| Avløp 2026 inkl. mva. | Eining            | Gjeldande | Ny forskrift |
|-----------------------|-------------------|-----------|--------------|
| Fastgebyr             | kr/bueining       | 3 374     | 2 643        |
| Forbruksgebyr         | kr/m <sup>3</sup> | 33,03     | 36,83        |

Tabell 6 - Avløp - Forbruks- og abonnementsgebyr for ny og gjeldande VA-forskrift

## 4.3 Årsgebyr bustad utan vassmålar

Omlag 90% av dei private vass- og avløpsabonnentane betalar i dag etter stipulert forbruk. Tabellane nedanfor visar vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for bustadeigedommar med fire størrelsar for stipulert forbruk; 50, 80, 200 og 320 m<sup>2</sup>.

Frå tabellane ser vi at på overordna nivå går det stipulerte forbruket ned for dei fleste bueiningane, bortsett frå stor enebolig i gruppe 3. Sidan dei fleste i Hareid kommune betalar etter stipulert forbruk, vert det opplevd ein reduksjon i årsgebyret for dei fleste bueiningane i kommunen.

| Stipulert - Årsgebyr Vatn inkl. mva. | m <sup>2</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|--------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet (1 bueining)    | 50             | 7 044     | 5 834        |
| Tomannsbolig (1 bueining)            | 80             | 7 044     | 5 834        |
| Enebolig (1 bueining)                | 200            | 10 383    | 8 065        |
| Stor enebolig (1 bueining)           | 320            | 11 852    | 12 230       |

Tabell 7 - Simulerte vassgebyr for ulike bustadeigedommar utan vassmålar

| Stipulert - Årsgebyr Avløp inkl. mva. | m <sup>2</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|---------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet (1 bueining)     | 50             | 6 677     | 5 774        |
| Tomannsbolig (1 bueining)             | 80             | 6 677     | 5 774        |
| Enebolig (1 bueining)                 | 200            | 10 806    | 8 536        |
| Stor enebolig (1 bueining)            | 320            | 12 622    | 13 692       |

Tabell 8 - Simulerte avløpsgebyr for ulike bustadeigedommar utan vassmålar

| Stipulert - Årsgebyr VA inkl. mva. | m <sup>2</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet (1 bueining)  | 50             | 13 721    | 11 607       |
| Tomannsbolig (1 bueining)          | 80             | 13 721    | 11 607       |
| Enebolig (1 bueining)              | 200            | 21 189    | 16 601       |
| Stor enebolig (1 bueining)         | 320            | 24 474    | 25 922       |

Tabell 9 - Totalt årsgebyr ved stipulert forbruk for vatn og avløp

#### 4.4 Årsgebyr bustad med vassmålar

Omlag 10% av dei private vann- og avløpsabonnentane betalar i dag etter målt forbruk. Tabellane nedanfor viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for bustadeigedommar med fem ulike størrelsar for målt forbruk; 40, 70, 120, 180 og 400. Ut frå tabellane ser vi at private abonnentar vil få redusert gebyr ved målt forbruk i den nye forskrifta i hovudsak på grunn av reduksjonen i fastleddet.

| Målt - Årsgebyr Vatn inkl. mva.    | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilegheit (1 bueining) | 40             | 5 441     | 4 495        |
| Tomannsbolig (1 bueining)          | 70             | 6 243     | 5 388        |
| Enebolig (1 bueining)              | 120            | 7 578     | 6 875        |
| Enebolig m/hybel (2 bueining)      | 180            | 9 181     | 8 660        |
| Borettslag (10 bueiningar)         | 400            | 54 414    | 44 950       |

Tabell 10 - Simulerte vassgebyr for ulike bustadeigedommar med vassmålar.

| Målt - Årsgebyr Avløp inkl. mva.  | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|-----------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet (1 bueining) | 40             | 4 695     | 4 116        |
| Tomannsbolig (1 bueining)         | 70             | 5 686     | 5 221        |
| Enebolig (1 bueining)             | 120            | 7 338     | 7 063        |
| Enebolig m/hybel (2 bueining)     | 180            | 9 319     | 9 272        |
| Borettslag (10 bueiningar)        | 400            | 46 952    | 41 162       |

Tabell 11 - Simulerte avløpsgebyr for ulike bustadeigedommar med vassmålar.



| Målt - Årsgebyr VA inkl. mva.     | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|-----------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Seksjonert leilighet (1 bueining) | 40             | 10 137    | 8 611        |
| Tomannsbolig (1 bueining)         | 70             | 11 929    | 10 609       |
| Enebolig (1 bueining)             | 120            | 14 916    | 13 938       |
| Enebolig m/hybel (2 bueining)     | 180            | 18 500    | 17 932       |
| Borettslag (10 bueiningar)        | 400            | 101 366   | 86 112       |

Tabell 12 - Totalt årsgebyr ved målt forbruk for vatn og avløp

## 4.5 Årsgebyr næring

Tabellane nedanfor viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for næringseigedommar. Det er tatt utgangspunkt i fem tenkte bedrifter for målt forbruk. Ein stor del av næringsaktørane i kommunen vil få auke i gebyra grunna auke i talet på fastleidd dei må betale.

| Næring - Årsgebyr Vatn inkl. mva. | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|-----------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Liten butikk                      | 100            | 7 044     | 6 280        |
| Medium butikk                     | 700            | 23 070    | 30 740       |
| Stor butikk                       | 2 000          | 57 793    | 79 330       |
| Hotell                            | 4 500          | 124 568   | 173 535      |
| Produksjonsbedrift                | 8 000          | 218 053   | 317 320      |

Tabell 13 - Simulerte vassgebyr for ulike næringseigedommar

| Næring - Årsgebyr Avløp inkl. mva. | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|------------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Liten butikk                       | 100            | 6 677     | 6 326        |
| Medium butikk                      | 700            | 26 495    | 33 710       |
| Stor butikk                        | 2 000          | 69 434    | 89 518       |
| Hotell                             | 4 500          | 152 009   | 197 451      |
| Produksjonsbedrift                 | 8 000          | 267 614   | 358 072      |

Tabell 14 - Simulerte avløpsgebyr for ulike næringseigedommar


| Næring - Årsgebyr VA inkl. mva. | m <sup>3</sup> | Gjeldande | Ny forskrift |
|---------------------------------|----------------|-----------|--------------|
| Liten butikk                    | 100            | 13 721    | 12 606       |
| Medium butikk                   | 700            | 49 565    | 64 450       |
| Stor butikk                     | 2 000          | 127 227   | 168 848      |
| Hotell                          | 4 500          | 276 577   | 370 986      |
| Produksjonsbedrift              | 8 000          | 485 667   | 675 392      |

Tabell 15 - Samla årsgebyr næring for vatn og avløp

## 5 Nærare om sentrale reglar

*Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg*, og tilhøyrande forskrift, seier at kommunane kan dekke inn inntil 100 % av sine kostnader med vatn og avløp gjennom gebyr. Vidare seier lova med tilhøyrande forskrift at gebyra skal bestå av eingongsgebyr for tilknytning og årlege gebyr. Ved berekning av sjølvkost bør dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester leggst til grunn.

Dei årlege gebyra skal anten reknast ut på grunnlag av vassforbruk, eller ei todelt gebyrordning med ein fast og ein variabel del. Figur 1 skisserer dei to alternativa.



Figur 1 - Vass- og avløpsgebyr

## 5.1 Tilknytningsgebyr

Tilknytningsgebyret er eit eingongsgebyr. Det skal ikkje krevjast nytt gebyr ved ominnreiing eller bruksendring. Kommunen har høve til å krevje tillegg i gebyret ved tilbygg eller påbygg. Kommunen kan då bestemme at tilleggsggebyret berre skal betalast når utvidinga utgjer eit visst minsteareal.

### 5.1.1 Kostnadsgrunnlag

I forskrifta med kommentarar er det ikkje spesifisert kva for kostnader som skal dekkjast inn gjennom tilknytningsgebyret, men intensjonen er at det skal dekke ein samsvarande del av kommunen sine samla kostnader med vassforsyning og avløp. Gebyret skal reknast ut for den einskilde faste eigedom eller for den einskilde bueining på eigedomen.

### 5.1.2 Høve til å krevje inn gebyret

Plikt til å betale eingongsgebyr for tilknytning oppstår når det vert bygd på ein elles gebyrpliktig eigedom, eller når gebyrplikt for bygd eigedom finn stad etter *lov om kommunale vass- og avløpsanlegg* § 4. Kommunen bestemmer når gebyra forfell til betaling. Det kan ikkje stillast krav om betaling av tilknytningsgebyr før utfierding av byggetillating.



## 5.2 Årsgebyr

### 5.2.1 Berekningsmåte

Årsgebyr kan verte utrekna på to ulike måtar. Gebyret kan reknast ut på bakgrunn av målt eller stipulert vassforbruk, eller kommunen kan velje ei todelt gebyrordning der årsgebyret består av ein fast og ein variabel del. Det er ikkje tillate å fastsette minimumsgebyr. Dersom årsgebyret vert rekna ut frå stipulert forbruk, skal det stipulerte forbruket i størst mogleg grad svare til reelt forbruk.

I tilfelle der vassforbruket vert stipulert, skal for bustadeigedomar busetnaden sitt areal leggst til grunn, då dette er anteke å gje best uttrykk for vassforbruket over ein lengre periode.

Kommunen avgjer sjølv om tidlegare arealutrekningar skal nyttast, eller om det skal verte gjort ei ny utrekning. Kommunen må i den kommunale forskrifta gjere greie for dei utrekningssinsippa som ligg til grunn for å fastslå stipulert forbruk for ulike bruksareal. Det kan takast omsyn til busetnadens art og bruk, og dessutan eigedomen sin storleik og tilstand. Prinsipielt gjeld det at vassmengd inn = avløpsmengd ut.

Både kommunen og den einskilde gebyrpliktige kan krevje at årsforbruket vert fastsett ut frå målt forbruk. Den einskilde gebyrpliktige må sjølv koste på slik måling, og målinga må utførast med vassmålar etter kommunen si tilvising.

### 5.2.2 Eigedom som ikkje vert brukt som bustad (næring mv.)

For næringseigedom og andre eigedomar som ikkje vert brukt som bustad, er hovudregelen at årsforbruket, eventuelt den variable delen av årsgebyret, vert utrekna på grunnlag av målt vassforbruk. Er det ikkje installert vassmålar, kan det verte sett særlege reglar eller verte inngått særlege avtalar om utrekning av gebyret.

Kommunen har avgrensa høve til å sette lågare gebyr for desse eigedomane enn det som ville følge av kommunen sin ordinære utrekningssmåte for bustadeigedomar. Det er ikkje høve til å fastsette ein rein kvantumsrabatt for storforbrukarar av vatn.

For bedrifter, gartneri, gardsbruk og anna verksemd der avløpsmengda avvik vesentleg frå vassforbruket, kan det verte inngått avtale basert på avvikande avløpsmengd.

Det kan gjerast frådrag for vatn som går inn i bedrifta sine produkt, eller av andre grunnar ikkje vert sleppt ut i avløpsnettlet frå næringseigedomar og andre eigedomar nemnt ovanfor.

Det kan utreknaast auka avløpsvassmengd i forhold til målt vassforbruk dersom overvatn vert ført til avløp. For eigedomar med installert sprinklaranlegg kan det gjerast særlege avtalar slik at kommunen sine kostnader blir dekte.

### 5.2.3 Fastsetjing av særlege reglar

Det kan verte fastsett særlege reglar til dømes for busetnad som berre er i bruk delar av året, som har eit særleg stort areal i forhold til vassforbruk og avløpsmengd eller som har tomt som medfører stort vassforbruk. Andre kriterium, som til dømes gebyrpliktige sin privatøkonomi, tal personar eller tal våtrom i huset, kan ikkje leggst til grunn for gebyrutrekninga.

Føresegnene gjev høve til å fastsetje ulike utrekningssmåtar for eigedomar med ulik bruk. Dette inneber ikkje at sjølve prisen per m<sup>3</sup> vatn/avløp kan verte sett forskjellig for dei ulike eigedomane.

### 5.2.4 Abonnementsgebyr (fast del i todelt modell)

Ein eventuell fast del (abonnementsgebyr) skal vere stabil og ikkje avspegle variasjon i forbruk. Den faste delen av årsgebyret bør ikkje hindre den einskilde abonnent i å kunne påverke sitt eige gebyr gjennom å regulere vassforbruket. Ved ressursknappheit kan kommunen vurdere å fastsette gebyret på grunnlag av forbruk åleine, det vil seie at gebyret berre er basert på ein forbruksavhengig variabel del.

Generelt er det vanleg at den faste delen speglar dei faste kostnadane (typisk kapitalkostnader) knytt til tenesta. Samstundes vert det tilrådt at abonnementsgebyret ikkje overstig 50 % av årsgebyrinntektene. Dette for å fremme sparing av vatn.

## 5.2.5 Ulike gebyrsatsar

Utgangspunktet er at dei same gebyrsatsane skal gjelde i heile kommunen. Følgjande unntak gjeld:

1. Tilknytingsgebyret kan differensierast avhengig av om den gebyrpliktige har betalt refusjon etter plan- og bygningsloven eller andre former for opparbeidingskostnader for tekniske anlegg som er utført etter planar godkjende av kommunen. Reglar om differensierte gebyrsatsar må vere fastsett i kommunen si forskrift.
2. Det kan verte fastsett ulike gebyrsatsar for tilknytting- og årsgebyr dersom eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette medfører vesentleg høgare eller lågare kostnader enn dei andre. Det kan berre vere fastsett lågare gebyrsatsar dersom kostnadane med å forsyne forbrukarane med vatn i eit vassforsyningsområde er mindre kostbart enn i eit anna vassforsyningsområde i kommunen. Med gebyrsats vert meint kostnad per måleining for årsgebyr eller tilknytingsgebyr. *Forbrukerkjøpsloven* gjev likevel forbrukar moglegheit til å krevje eit passande prisavslag på levert vatn dersom vasskvaliteten er dårleg i periodar.
3. Det kan vidare verte fastsett ulike gebyrsatsar for tilknytings- og årsgebyr for ulike bustadkategoriar, der det er ulike kostnader forbunde med betening av ulike bustadkategoriar. Til dømes kan det verte fastsett lågare gebyrsatsar for blokkleigheiter på bakgrunn av at kostnadane med leidningsnett er lågare per bueining for desse bustadkategoriane enn for meir spreidde bustadeiningar.
4. Det kan verte sett høgare gebyrsats for avløpsvatn som er meir forureina enn vanleg kommunalt avløpsvatn, og som det kostar kommunen meir å behandle.

Avgrensingar nemnd ovanfor gjeld ikkje fordelinga av den faste delen av årsgebyret ved bruk av todelt gebyrordning.

## 5.2.6 Andre forhold

Kommunen kan ikkje krevje tilleggsggebyr eller auke gebyrsatsen ved manglande etterleving av pålegg. Likevel kan kommunen krevje dekt faktiske direkte kostnader som kommunen har pga. manglande etterleving av pålegg knytt til den einskilde eigedom.

Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring.

Unnlèt gebyrpliktig å etterkome pålegg om utbetring av anlegg kan det verte fastsett tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt vert fastsett med heimel i vass- og avløpsanleggslova § 16. Tvangsmulkta skal ha ein storleik som gjer det ulønsamt å ikkje følgje kravet. Innkravd tvangsmulkt tilfell kommunen. Sjå § 3.9 i forslag til ny forskrift.

Om renteplikt ved for sein betaling eller tilbakebetaling av vass- og avløpsgebyr gjeld reglane i *lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane* § 26 tilsvarande. Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter *panteloven* § 6-1.

Lokale forskrifter for fastsetjing av vass- og avløpsgebyr er framleis gjeldande så langt dei ikkje er i strid med krava i kapittel 16 i *forurensningsforskriften* eller inntil kommunen bestemmer noko anna. Forskrifter med minimumsgebyr skulle vore endra før 1.1.2008.

## 6 Arbeidsgruppa

Framlegg til ny forskrift for vatn og avløp er utarbeidd av teknisk eining i Hareid kommune. Momentum har vore sparringspartner.

Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel. Rettferdig: Gebyra skal spegle dei ulike brukargrubbene sitt kostnadsnivå på best mogleg måte. Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege, formuleringar. Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for gebyra sin storleik.

Teknisk eining, Hareid kommune.